

Referat frå rådmøte 17. mars 2009.

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Olav Tho, Aslak Ofte, Bjørn Nome, Olav Bjørn Bakken, Sissel Bitustøyl, Hans Bakke, Jan Sebjørnsen, Kristian Torp-Hansen, Ketil Kiland, Jarle Brun Olsen og Kjell Gunnar Heggenes.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 24/2009 Referat frå rådmøte 17. februar 2009.

Vedtak: Referat frå rådmøte 17. februar 2009 vert godkjent utan merknader.

Sak 25/2009 Dialog med Statens vegvesen, distriktsvegkontoret Notodden.

I denne saken var Trude Holter, Asbjørn Arnevik og Harald Torjussen frå distriktsvegkontoret på Notodden tilstades. I tillegg møtte representantar frå teknisk etat i dei ulike kommunane. Harald Torjussen orienterte innleiingsvis om utviklinga innan trafikk-tryggleiken der betre opplæring har gjeve gode resultat.

Trude Holter og Asbjørn Arnevik orienterte om kva som vart utført av vegprosjekt på stamvegane, riksvegane og fylkesvegane i 2008. Vidare vart det vist til at vintervegstandarden på E134 er vesentleg betra i høve til sist vinter då det var mykje klager. Forbetringane har kome på bakgrunn av det er utført sårbarhetsanalyser, lagt om roder, skifta strømiddel og utført asfaltering på delar av vegen.

Statens vegvesen har lagt fram eit utfordringsnotat for Telemark som viser utfordringane fylket står ovanfor når det gjeld vedlikehald og investeringar innan vegsektoren. Sjølv med ei dobling av dagens løyvingar vil ein ikkje ta att etterslepet i overskødeleg framtid, og resultatet er redusert trafikktryggleik, dårlegare framkome og dyrare drift.

Utfordringsnotatet vert lagt fram for politisk handsaming i Telemark fylkeskommune og ein legg til grunn at også kommunane vert involvert i handsaminga.

Nasjonal Transportplan som nyleg vart lagt fram, inneheld ei rekkje gode nyheiter for Telemark. Århus – Gvammen, Kongsberg – Saggrenda og Stordalsvatnet i Etne er 3 viktige prosjekt på E134 som kjem i fyrste del av planperioden. Vidare er Haukeli-tunnelar og Rogfast inne i andre del av planperioden.

Av andre signal som går fram av transportplanen kan nemnast:

- Ordninga med OPS (Offentleg/privat samarbeid) vert ikkje vidareført.
- Det skal utviklast nye kontraktsformer som inneber meir langsiktigheit og lengre samanhengande utbyggingsstrekningar
- Samferdselsdepartementet vil i løpet av 2009 evaluere konkurranse-utsettinga / vedlikehaldskontraktane

Det vart også orientert om bakgrunnen for vegvesenets prioriteringar av vegprosjekt. Desse bygger på rammer og direktiv frå Vegdirektoratet, logistikk-omsyn, totalvurderingar og ikkje minst reglane for dei tidkrevande planprosessane.

På spørsmål om vegvesenet i dag har ferdig utarbeidde planer vart det opplyst at slike planer finst i eit omfang på om lag 170 mill. kroner.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

**Sak 26/2009 Regional planstrategi – Utviklingsforum Telemark.
Presentasjon og drøfting.**

I denne saken var fylgjande 3 representantar frå Telemark fylkeskommune tilstades: Hallvard Ripegut, Otto Christian Dahl og Ingar Bråthen.

Det vart gjort nærare greie for kva ein regional planstrategi kan gå ut på og korleis denne er tenkt å fungere.

Fylkeskommunen har i samband med denne bede om innspel til moglege FoU-strategiar:

- Kva for FoU-tiltak er rette for vårt område ?
- Kva for FoU-tiltak ynskjer vi ?
- Kva for samarbeidspartnerar ynskjer vi ?

Gjennom forvaltningsreformen er fylkeskommunen tilført fleire oppgåver og virkemiddel som skal fremje rolla som regional utviklingsaktør.

Ein har valt ”Holdbare Telemark” som visjon i samband med utviklinga av den nye strategien, og konstaterer at dei globale klimautfordringane legg nye premisser for oss alle. Utviklingsforum Telemark er etablert med deltakarar frå fylkeskommunen, frå dei 4 kommune-regionane og frå sentrale organisasjonar i Telemark.

Det er utarbeidd ein plan for prosess og framdrift som etter dialogmøte og høyringar vil ende opp med politisk handsaming i fylkestinget.

Det skal også opprettast eit regionalt forskingsfond for å støtte regionale strategiar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Sak 27/2009 Ny samhandlingsreform innan helsetenesten. Handlingsplan for samhandling 2009 – 2012 helse Sør-Øst. Forslag til uttale.

I denne saken var kommunelege Elisabeth Swensen og kommunalsjef Kari Gro Espeland tilstades.

Det låg føre forslag til handlingsplan for samhandling 2009 – 2012 for Helse Sør-Øst og forslag til uttale til denne.

Rådmann Ketil Kiland orienterte nærare og la fram synspunkt frå handsaminga i rådmannsutvalet. Elisabeth Swensen kom med innspel til saken ut frå hennar ståstad som kommunelege. Swensen viste til at det egentleg er 2 ulike reformer, samhandlingsreformen og nasjonal handlingsplan for legevakt og fellesnemnarane for desse er kvalitetsheving og effektiv bruk av ressursar.

Swensen ser i framtida for seg større einingar, ”helsekommunar” med om lag 15 000 innbyggjarar. Døme på oppgåver kan vera forsterka sjukeheimssenger, ambulerande team, lærings- og mestringsentra, spesialtenester på rotasjonsbasis og regional døgnglegevakt.

Vedtak: Vest-Telemark Rådet sluttar seg til handlingsplanen for samhandling 2009-2012 Helse Sør-Øst sin intensjon og innhald der likeverd og truverd må vere berande element i den praktiske samhandlinga.

Det er avgjerande at det fylgjer med tilstrekkelege økonomiske ressursar i samband med reformen, og at det vert overført naudsynt kompetanse frå spesialhelsetenesten til primærhelsetenesten.

Sak 28/2009 Felles grafisk profil for Vest-Telemark.

Til denne saken hadde Vest-Telemarkrådet mellom anna invitert representantar frå reiseliv og turisme i dei ulike kommunane.

Det låg føre forslag til logo i fire fargevariantar, forslag til informasjonskort, forslag til layout på nyheitsbrev samt forslag til powerpointmal og brevark.

Prosjektleiari Ole Dalen frå Vest-Telemark Næringsutvikling var tilstades og orienterte nærare om forslaget. Han gjorde nærare greie for bakgrunn, symbolikk og fargeval samt forslag til bruksområde for denne.

Dette er eitt av tiltaka som ligg i strategisk næringsplan for Vest-Telemark og er ein viktig del av omdømeprosjektet.

Vedtak: Forslaget til felles profil for Vest-Telemark blir å sende til kvar enkelt kommune for nærare handsaming. Vest-Telemarkrådet legg til grunn at kommunane inviterer prosjektleiari til å orientere nærare om forslaget. Ein vil be om rask handsaming og tilbakemelding med tanke på endeleg handsaming i rådsmøtet i mai.

Sak 29/2009 Kollektivtrafikk i Telemark.

Saken hadde utgangspunkt i tidlegare saker gjeldande kollektivtrafikk i distrikta og orienteringar gjevne i rådsmøte 17. februar.

Telemark fylkeskommune har lagt opp til å revidere kollektivplan for Telemark og denne skal inngå som ein del av det faglege grunnlaget i samband med dei vidare forhandlingane om busstilbod i Telemark.

Det låg føre fylgjande innspel til kollektivplanen vedteke av Midt-Telemarkrådet 27. februar:

1. Utvikling av kollektivtilboda i samband med pendlingstrafikken mellom Midt-Telemark og arbeidsmarknadene i Grenland, Vestfold og Kongsberg.
2. Oppretting av eit stamrutenett mellom Grenland og distrikta med korrespondanse med Sørlandsbanen i Bø og med Metrobussane i Grenland. Gjennomgåande billettering.
3. Eit økonomisk system der distrikts-Telemark ikkje blir salderingspost i høve til kollektive transporttenester.
4. Vidare utvikling av distriktsbussar, timebusstilbodet i Bø, "Heim for ein 50-lapp", TT-ordninga, utvida togtilbod og bestillingsruter for buss og drosje.
5. Ved mogleg framtidig kopling av Sørlandsbanen og Vestfoldbanen må det sikrast gode togtilbod på dagens trasé av Sørlandsbanen.
6. Vidare utvikling av kollektivtrafikk-knutepunkta i regionen mellom anna i høve til arealplanlegging og annan tilrettelegging. Aktuelle partar som fylkeskommunen, kommunane, kollektivselskapa og næringslivet elles vert oppfordra til å finne fram til felles tiltak som fremjar kvalitet og servicetilbod i knutepunkta.
7. Etablering av eit lokalt kollektivtrafikk-forum med representasjon frå kvar enkelt kommune.

Vedtak: "Vest-Telemarkrådet sluttar seg til innspelet frå Midt-Telemark og vil understreke fylgjande for eigen region:

Kommunane ynskjer å delta i arbeidet med å vidareutvikle det kollektive transporttilbodet i Telemark, og ser det som viktig å oppretthalde dagens nivå av transporttenester.

Ekspressbussrutene Haukeliekspressen og Telemarkekspressen dannar eit stamrutenett som det er viktig å vidareutvikle, og dei korresponderande rutene med buss og drosje frå dei ulike bygdene er med og gjev økonomisk grunnlag for desse.

Lokalrutene må såleis ikkje vera salderingspostar frå år til år i samband med offentleg kjøp av kollektivtrafikktenester.

Det må leggast større vekt vekt på den lokale kunnskapen og kompetansen som finst i kommunane og hjå transportørane når desse grunnleggjande tenestene skal fastsetjast. Vidare bør det innførast eit ungdomskort "Telemarkskortet" etter modell frå andre fylke. Ein ser det som viktig at det er god korrespondanse mellom dei ulike kollektive transportmidla og at det finst kollektivtilbod som høver for studentar/skuleungdom i samband med pendling fredag og sundag."

**Sak 30/2009 Sykkelveg opp Vest-Telemark og over Haukelifjell.
Brev frå Haukeli – Edland Grendelag.**

Det låg føre brev frå Haukeli – Edland Grendelag der det vart sett fram ynskje om å få til eit større sykkelvegprosjekt i Telemark. Grendelaget ser i brevet for seg ein samanhengande sykkelveg som knyter Nissedal opp mot Haukeli og ber om nærare drøfting av dette i Vest-Telemarkrådet. Det låg også ved kopi av brev til Vinje og Odda kommunar om dette.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil avvente drøftingane i Vinje kommune og kome attende til saken seinare. Rådet legg til grunn at nedsett arbeidsgruppe i samband med den strategiske næringsplanen vil drøfte saken og kome med moglege innspel.

Sak 31/2009 Orienterings- og drøftingssaker.

Universell utforming som kommunal strategi.

Det låg føre rapport frå miljøverndepartementet sendt til alle landets kommunar: "Universell utforming som kommunal strategi" . Rapporten viser døme frå i alt 17 kommunar som har delteke i eit nasjonalt utviklingsprosjekt i perioden 2005 – 2008 der dei har praktisert universell utforming som kommunal strategi.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek rapporten til vitande.

Haukeliekspressen. Korrespondanse Bergen – oppdatering.

På bakgrunn av vedtak i Vest-Telemarkrådet 17. februar om å ta saken opp med Hordaland fylkeskommune låg det føre svarbrev frå fylkesordføraren i Hordaland datert 9. mars 2009. Av brevet går det fram at saken no synes få ei god løysing, og at ein vil gjenopprette det gjennomgåande ekspressbusstilbodet.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek saken til vitande.

Miljøfyrtårn som verktøy i miljøleiing.

Det låg føre brev frå Seljord kommune med ynskje om å drøfte mogleg status som Miljøfyrtårn for kommunane.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser dette som ein sak for kvar enkelt kommune.

Pilotseminar. Opplæring for administrativ og politisk leiing i kommunane.

Det låg føre invitasjon frå Telemark fylkeskommune i samarbeid med dei 4 regionane om å delta i eit pilotseminar gjeldande opplæring av politisk og administrativ leiing i høve til e-kommune 2012.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek saken til vitande og oppmodar kvar enkelt kommune til å delta på seminaret.

Fylkesplanens handlingsprogram.

Fylkesutvalet har vedteke fylkesplanens handlingsprogram 2009 og dette er sendt til kommunane og andre organ og organisasjonar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek handlingsprogrammet til vitande.

Sak 32/2009 Ymse.Etterutdanning av lærarar.

Saken kom opp som ekstrasak i samband med godkjenning av saklista og det var tilstades ein representant (Har nokon av dykk namnet hennes ?) frå skulesjeflaget i Vest-Telemark.

Ho orienterte nærare om systemet for vidareutdanning av lærarar og ei omlegging av dei økonomiske ordningane som vil slå negativt ut for kommunane og gjera det vanskeleg å nytte seg av ordninga.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil skrive eit brev til ???? i saken der ein tek opp problema med den nye ordninga.

Sekretær: Kjell Gunnar Heggenes.